

Fra: Einar Aase
Sendt: onsdag 15. juni 2022 09:40
Til: Ove Myking
Emne: Orientering om status i sak - gbnr 185/35

Hei,

Viser til etterlysing av svar på søknad med saksnummer 21/9592. Orienterar litt generelt om saksgangen her. Ta gjerne kontakt dersom det er ytterlegare spørsmål angående dette.

Søknad om dispensasjon var mottatt 13.04.2022. Sakshandsamingsfrist for dispensasjon er på 12 veker. Sak har i tillegg vore på uttale i 4 veker, som blir lagt på denne fristen. Frist for sakshandsaming er per i dag 03.08.2022.

I mottatt uttale frå Statsforvaltaren i Vestland er det informert om at Alver kommune må avklare tiltaket sitt tilhøve til vassressurslova og jordlova. Saka er på grunn av dette sendt på uttale til NVE og landbruksavdeling i Alver kommune for avklaring av desse tilhøva. Sakshandsamingsfristen blir ikkje forlenga meir enn 4 veker grunna uttale frå andre styresmakter, jf. SAK10 §7-5. Denne uttala påverkar dermed ikkje sakshandsamingsfristen i seg sjølv. Grunna samordningsplikta vår er det jamvel nødvendig å avklare om tiltak krev løyve etter anna lovverk før vi kan fatte vedtak etter plan- og bygningslova jf. pbl.§21-5 og SAK10 §6-2.

Vi vil gje tilbakemelding etter desse tilhøva er avklart med dei aktuelle instansar.

Vennleg helsing

Einar Aase | Rådgjevar Plan og byggesak

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00
www.alver.kommune.no

